

## ttilbud

roner. Skikkelig Frp-pris, hva Bård Hoksrud? n og hans «medsammen- e» skulle fjerne alle bom- g avgifter. Bra man ikke lot re til å stemme på dem. Jeg ritert nok uten å ha stemt m, jeg. Jeg har aldri vært rt av politikeres løfter om g datt. Men for dem som lot de til nettopp å stemme, ke annonser som den som HA med kunngjøringer fra ns vegvesen og AutoPASS og skape frustrasjon.

er dette en strekning som edtatt og igangsatt av de ønne, så det er vel de som ylida for takstøkninga også en nå med den blåblå skal ygges ny riksveg 3/25. Og kkes om at prosjektet skal s og driftes gjennom sam- dsløsningen OPS til blåblå. r neimen ikke tenke på en bomavgifta vil bli. n uansett – den vegbyggin- ta Gardermoen til Kolomo- ansiert gjennom rødgrønt ettarbeid har blitt Norges ste vegprosjekt.

inar Graff

# Ein fonetisk bytur

**Høgskolen i Hedmark har samla lærarar og forskarar frå mange land til konferanse om nettbasert læring og morgondagens undervisning.**

## MEININGER

Jens Haugan

**E**g valde å ta deltakarane med på ein annleis bytur. Eitt av arrangementa var ein tur til Stortorget og kulturhuset. På det engelske programmet stod det «city tour», på norsk «bytur». Det faglege føredraget mitt på konferansen handla om at fleire og fleire store utdanningsinstitusjonar legg ut undervisninga på nett. Det vil seie at ein gjer kursinnhaldet tilgjengeleg, mens det som studentane får av utdanningsinstitusjonen, først og fremst er rettleiing knytt til førelsingane – i den grad ein føler behov for det.

■ Denne måten å organisere kurs på frigjer ressursar og gjer det mogleg å utdanne mange fleire studentar. Det kan då nemnast at det som regel også er ein

del fråfall på slike kurs, nettopp på grunn av den manglande sosiale dimensjonen ved nettbasert læring. Eg har drive med nettbasert undervisning i lang tid, og det finst mange positive sider ved denne undervisningsforma. Men ikkje alle fag eignar seg like godt som reine nettbaserte kurs utan personleg rettleiing.

■ Mange har kanskje prøvd språkkurs på kassett, CD eller via Internett. Det fungerer ganske bra til ein viss grad. Ein kan lese, lytte, sjå bilete og film og til og med gjere egne opptak i dag, men kva skal ein gjere dersom ein ikkje høyrer dei lydane som faktisk blir uttalte? Eg introduserte ordet «bytur» for dei europeiske konferansedeltakarane, og min påstand var at ingen av dei ville klare å uttale ordet riktig, bortsett frå dei norske deltakarane. Nokon ville kanskje kunne uttale u-en, men ingen ville få til y-en.

■ Dette var først ei stor overrasking, til og med for dei som var norske, som ikkje hadde vore bevisste på problemet. Det førde til mange artige lydar og andlets- vridingar i auditoriet. Temaet var så spennande at deltakarane diskuterte lydar og læring til langt ut på natta etter middagen.

■ Kva er så poenget? Det er at

det ikkje alltid er nok å ha all informasjonen liggjande framfor seg. Det er ikkje nok å ha Internett. Det er ikkje nok at all kunnskapen ligg der og ventar. Ein må også vere bevisst på kva som er relevant, og kva ein faktisk ikkje kan. Tysktalande vil til dømes som regel aldri oppdage, dvs. høyre, at dei ikkje uttaler y-en korrekt, dersom dei ikkje blir gjort merksame på at y-en er ein lyd som ikkje finst i tysk. Derfor vil ein heller ikkje gjere ein innsats for å lære den nye lyden, og ein stagnerer i læringa.

■ Dette er éin av mange grunnar til at vi treng lærarar. Læraren er den som kan gjere deg bevisst på at du kan mindre enn du trur, og som kan hjelpe deg å fylle kunnskapsholet. Lita tue kan velte stort lass, og ein liten y kan få oss til å skjønne at norsk skil seg frå mange andre språk. No har du kanskje fått inspirasjon til ein ny selskapsleik neste gong du har besøk frå utlandet?